

Møteprotokoll

Utval: Hovudutval
Møtestad: Biblioteket Skakke
Dato: 03.06.2026
Tid: Kl. 13:00 - 17:00

Følgande medlemmer møtte	Parti
Hilde Hellenes	AP
Roger Tendal	FRP
Trude Enge	FRP
Arild Stenberg	H
Andreas Aune	SP
Ole Funderud	Uavh

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Liv Kaldheim	SP	Anita Larsen	SP

Møteleiar: Arild Stenberg

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Ole Funderud (Uavh) og Trude Enge (Frp)

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
019/26	Samlesak for referatsaker
020/26	Samlesak for orienteringar
021/26	Gnr. 019 bnr. 004 - Deling av landbrukseigedom - Handsaming etter jordlova
022/26	Gnr. 034 bnr. 1, 3 og 4 Søknad om bygging av felles skogsbilveg i Kambelia
023/26	Gnr. 095 bnr. 002, 006 og 009 - Konsesjon og buplikt
024/26	Gnr. 51 bnr. 1, gnr. 52 bnr. 4, gnr. 120 bnr. 1 - Søknad om konsesjon for overtaking av landbrukseigedom
025/26	Oppdatering av retningslinjer for kommunale heidersprisar
026/26	Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Etablering av sherpatrappar - Langfoss
027/26	Søknad om utvida skjenkeareal - Etne Saloon Festival 2026
028/26	Utvida skjenketid under VM i fotball 2026
029/26	Gnr. 047 bnr. 010 - Konsesjon ved overtaking av landbrukseigedom
030/26	Søknad om utvida skjenkeareal - House of blues/Skånevik Bluesfestival

019/26 Samlesak for referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert godkjende slik dei ligg føre.

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 019/26 Vedtak

Samrøystes

Referatsakene er godkjende slik dei ligg føre.

020/26 Samlesak for orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 020/26 Vedtak

Samrøystes

Orienteringa vert tatt til vitande.

021/26 Gnr. 019 bnr. 004 - Deling av landbrukseigedom - Handsaming etter jordlova

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet avslår med heimel i § § 9 og 12 i jordlova søknad frå Ulf Steine om å dele i frå og omdisponere 3 parsellar med landbruksareal frå landbrukseigedomen gnr. 19 bnr. 4.

Grunngjeving:

Parsell nummer 1:

Føremålet med frådeling av gardstunet med bygningar er fritid/bustad. Våningshuset og driftsbygningen er ein viktig ressurs for garden. Frådeling av bygningane vil gi utfordringar for vidare drift av landbruksarealet på garden. Parsellen har ein storleik på 4,5 dekar, kor av 1,5 dekar er overflatedyrka jordbruksareal. Omdisponering av overflatedyrka jordbruksareal er i strid med målet om å verne produktive areal og jordsmonn mot nedbygging.

Parsell nummer 2:

Føremålet med frådeling av den eine innkøyrsla og ein del av gardstunet er å gi tilleggsareal til fritidstomt gnr. 19 bnr. 92. Men landbrukseigedomen gnr. 19 bnr. 4 treng innkøyrsla og tunet, t.d. ved utvendig vedlikehald av driftsbygningen, gjennomkøyring, parkering og eventuell framtidig utbygging.

Parsell nummer 3:

Føremålet med frådeling er bustad. Frådeling vil føre til varig tap av 2,5 dekar produktiv skog, og arealet er i tillegg dyrkbart. Frådeling og omdisponering er i strid med målet om å verne produktive areal og jordsmonn.

Restarealet:

Hovudutvalet har tidlegare gitt løyve til å dele i frå våningshus på andre landbrukseigedomar under vilkår av at jord- og skogbruksareal skulle bli tilleggsjord til nabogardsbruk. Men her er det søkt om å dele i frå bygningane på garden for å legge resten av landbruksarealet som tilleggsjord til ei bustadtomt, og det har ikkje skjedd før. Restarealet er på 58 dekar, og består både av skog og dyrka mark og skal etter deling framleis vere landbruksareal. Men utan eit romsleg tun med våningshus og driftsbygning vil garden vanskeleg kunne drivast som ei sjølvstendig eining i framtida. Med bygningar er han ein attraktiv buplass for nokon som ønskjer å bu på og drive eit lite gardsbruk.

Det er klagerett på vedtaket. Klage skal sendast innan 3 veker etter at søkjar har fått vedtaket i hende til post@etne.kommune.no Faktura på 2000 kroner i sakshandsamingsgebyr vil bli ettersendt

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

Forslag - Frp og Uavh sitt framlegg til vedtak, foreslått av Trude Enge, Framstegspartiet
Hovudutvalet gjev med heimel i §§ 9 og 12 i jordlova løyve til Ulf Steine om å dele i frå og omdisponere parsell 1 og parsell 2 frå landbrukseigedommen gnr. 19 bnr. 4.

Grunngjeving: Hovudutvalet legg vekt på at søkjar har eit egie bustadhus på GBN 19/75 som vert

tinglyst som driftseining saman med GBN 19/4. Restarealet på 58 dekar skal framleis vera landbruksareal. Hovudutvalet meiner at omsynet til praktisk busetnad og bevaring av eksisterande bygningsmasse veg tyngre enn det isolerte omsynet til 1,5 dekar overflatedyrka jord. Ingen naboar har klaga på søknaden.

Vilkår:

1. GBN 19/75 skal tinglysast som dritseining saman med GBN 19/4.
2. Den overflatedyrka jorda på parsell 1 skal framleis kunne nyttast til matproduksjon.

Når det gjeld parsell 3 (bustadtomt på 2,5 dekar produktiv skog): Hovudutvalet avslår med heimel i jordlova § 9 søknaden om frådelling av parsell 3, då dette innebør varig tap av dyrkbar mark utan at det er kopla til praktisk busetnad eller drift på garden.

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster (Sp, H, Ap)
Forslag frå Trude Enge (Frp) fekk 3 røyster (Frp, Uavh)

HOV - 021/26 Vedtak

4 mot 3 røyster

Hovudutvalet avslår med heimel i § § 9 og 12 i jordlova søknad frå Ulf Steine om å dele i frå og omdisponere 3 parsellar med landbruksareal frå landbrukseigedomen gnr. 19 bnr. 4.

Grunngjeving:

Parsell nummer 1:

Føremålet med frådelling av gardstunet med bygningar er fritid/bustad. Våningshuset og driftsbygningen er ein viktig ressurs for garden. Frådelling av bygningane vil gi utfordringar for vidare drift av landbruksarealet på garden. Parsellen har ein storleik på 4,5 dekar, kor av 1,5 dekar er overflatedyrka jordbruksareal. Omdisponering av overflatedyrka jordbruksareal er i strid med målet om å verne produktive areal og jordsmonn mot nedbygging.

Parsell nummer 2:

Føremålet med frådelling av den eine innkøyrsla og ein del av gardstunet er å gi tilleggsareal til fritidstomta gnr. 19 bnr. 92. Men landbrukseigedomen gnr. 19 bnr. 4 treng innkøyrsla og tunet, t.d. ved utvendig vedlikehald av driftsbygningen, gjennomkøyring, parkering og eventuell framtidig utbygging.

Parsell nummer 3:

Føremålet med frådeling er bustad. Frådeling vil føre til varig tap av 2,5 dekar produktiv skog, og arealet er i tillegg dyrkbart. Frådeling og omdisponering er i strid med målet om å verne produktive areal og jordsmonn.

Restarealet:

Hovudutvalet har tidlegare gitt løyve til å dele i frå våningshus på andre landbrukseigedomar under vilkår av at jord- og skogbruksareal skulle bli tilleggsjord til nabogardsbruk. Men her er det søkt om å dele i frå bygningane på garden for å legge resten av landbruksarealet som tilleggsjord til ei bustadtomt, og det har ikkje skjedd før. Restarealet er på 58 dekar, og består både av skog og dyrka mark og skal etter deling framleis vere landbruksareal. Men utan eit romsleg tun med våningshus og driftsbygning vil garden vanskeleg kunne drivast som ei sjølvstendig eining i framtida. Med bygningar er han ein attraktiv buplass for nokon som ønskjer å bu på og drive eit lite gardsbruk.

Det er klagerett på vedtaket. Klage skal sendast innan 3 veker etter at søkjar har fått vedtaket i hende til post@etne.kommune.no Faktura på 2000 kroner i sakshandsamingsgebyr vil bli ettersendt

022/26 Gnr. 034 bnr. 1, 3 og 4 Søknad om bygging av felles skogsbilveg i Kambelia

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet vedtar med heimel i skoglova, jordlova og naturmangfaldlova, under vilkår, løyve til bygging av ein 2045 meter lang landbruksveg i vegklasse 4 (sommarbilveg for tømmerbil med hengar) over gnr. 34 bnr. 1,3,4.

Dekningsområdet er på 533 dekar, produktivt skogareal er på 248 dekar og hogstmoden skog har eit volum på 11000 kubikkmeter. Utan veg er skogen eit teknisk nullområde utilgjengeleg for skogdrift.

Vilkår:

1. For den delen av skogsbilvegen som kjem innanfor omsynssona for drikkevatn blir det sett som vilkår at tiltakshavar får dispensasjon frå PBL 11-8 og at kommunen som planmyndigheit gir løyve til bygging innanfor omsynssona for drikkevatn. I føresegner til kommuneplanen sin arealdel for Omsynssoner (PBL §11-8) Sikringssoner (PBL §11-8 bokstav a) 8.1.1 Nedslagsfelt drikkevatn står dette *«Det er ikkje tillate med bygge- og anleggsverksemd, lagring og anna aktivitet som kan medføre skadeleg avrenning og aktivitet som kan ureina vassforsyningssystemet. Sikringssona gjeld heile nedslagsfelta til drikkevatnet.»*

2. Det blir stilt krav om utarbeiding av byggeplan for skogsbilvegen. Byggeplanen skal ha særskilt fokus på å motverke forureining av drikkevatnet og avrenning mot byggefeltet. Byggeplanen skal vere godkjent av kommunen før oppstart av bygging.

3. Tiltakshavar må søke om byggeløyve etter landbruksvegforskrifta til å bygge eventuelle stikkvegar i hogstfeltet. I tillegg må tiltakshavar søke om dispensasjon frå PBL 11-8 for bygging av stikkvegar i hogstfeltet og køyring i sikringssona for drikkevatn. I søknaden må det gå klart fram korleis forureining av drikkevatnet skal unngåast.

4. Ved planlegging og bygging av vegen må tiltakshavar undersøke og ta omsyn til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred, j.f. § 2 i grannelova. Bygging av veg og etterfølgjande hogst skal ikkje føre til auka mengder vatn og avrenning til bustadfeltet på Kambe. Tiltakshavar har ansvar for at bruer, kulvertar og andre inngrep knytt til landbruksvegen er riktig dimensjonert for å tåle flaumvassføringar, og at tiltaket ikkje er til skade eller ulempe for allmenne eller private interesser jf § 5 i vassressurslova. Tiltakshavar har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at vegen ikkje medfører skade på omgjevnadane og fare for liv og helse, t.d. utløyising av skred.

5. Ved gjennomføring av tiltaket må tiltakshavar søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar / tufter m.m. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstadfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet.

6. Nabogardsnummeret i aust, gnr 35, har mykje relativt ung skog med dårleg tilkomstveg, og det vil bli sett om vilkår ved eventuell løyving av statstilskott til bygging av vegen at dei får høve til å kjøpe seg inn i første del av vegen og opp til om lag 265 moh.

Kommunen må få melding seinast 4 veker etter at vegen er ferdig bygt, jamfør SAK 10 § 4 -3.

Løyvet gjeld i 3 år.

Det er klagerett på vedtaket. Klagefristen er 3 veker frå søkjar får vedtaket i hende. Klageinstans er Statsforvaltar i Vestland. Klagen må sendast til Etne kommune

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 022/26 Vedtak

Samrøystes

Hovudutvalet vedtar med heimel i skoglova, jordlova og naturmangfaldlova, under vilkår, løyve til bygging av ein omlag 2 kilometer lang landbruksveg i vegklasse 4 (sommARBilveg for tømmerbil med hengar) over gnr. 34 bnr. 1,3,4.

Dekningsområdet er på 533 dekar, produktivt skogareal er på 248 dekar og hogstmoden skog har eit volum på 11000 kubikkmeter. Utan veg er skogen eit teknisk nullområde utilgjengeleg for skogdrift.

Vilkår:

1. For den delen av skogsbilvegen som kjem innanfor omsynssona for drikkevatn blir det sett som vilkår at tiltakshavar får dispensasjon frå PBL 11-8 og at kommunen som planmyndigheit gir løyve til bygging innanfor omsynssona for drikkevatn. I føresegner til kommuneplanen sin arealdel for Omsynssoner (PBL §11-8) Sikringssoner (PBL §11-8 bokstav a) 8.1.1 Nedslagsfelt drikkevatn står dette *«Det er ikkje tillate med bygge- og anleggsverksemd, lagring og anna aktivitet som kan medføre skadeleg avrenning og aktivitet som kan ureina vassforsyningssystemet. Sikringssona gjeld heile nedslagsfelta til drikkevatnet.»*

2. Det blir stilt krav om utarbeiding av byggeplan for skogsbilvegen. Byggeplanen skal ha særskilt fokus på å motverke forureining av drikkevatnet og avrenning mot byggefeltet. Byggeplanen skal vere godkjent av kommunen før oppstart av bygging.

3. Tiltakshavar må søke om byggeløyve etter landbruksvegforskrifta til å bygge eventuelle stikkvegar i hogstfeltet. I tillegg må tiltakshavar søke om dispensasjon frå PBL 11-8 for bygging av stikkvegar i hogstfeltet og køyring i sikringssona for drikkevatn. I søknaden må det gå klart fram korleis

forureining av drikkevatnet skal unngåast.

4. Ved planlegging og bygging av vegen må tiltakshavar undersøke og ta omsyn til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred, j.f. § 2 i grannelova. Bygging av veg og etterfølgjande hogst skal ikkje føre til auka mengder vatn og avrenning til bustadfeltet på Kambe. Tiltakshavar har ansvar for at bruer, kulvertar og andre inngrep knytt til landbruksvegen er riktig dimensjonert for å tåle flaumvassføringar, og at tiltaket ikkje er til skade eller ulempe for allmenne eller private interesser jf § 5 i vassressurslova. Tiltakshavar har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at vegen ikkje medfører skade på omgjevnadane og fare for liv og helse, t.d. utløyising av skred.

5. Ved gjennomføring av tiltaket må tiltakshavar søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar / tufter m.m. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstadfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet.

6. Nabogardsnummeret i aust, gnr 35, har mykje relativt ung skog med dårleg tilkomstveg, og det vil bli sett om vilkår ved eventuell løyving av statstilskott til bygging av vegen at dei får høve til å kjøpe seg inn i første del av vegen og opp til om lag 265 moh.

Kommunen må få melding seinast 4 veker etter at vegen er ferdig bygt, jamfør SAK 10 § 4 -3.

Løyvet gjeld i 3 år.

Det er klagerett på vedtaket. Klagefristen er 3 veker frå søkjar får vedtaket i hende. Klageinstans er Statsforvaltar i Vestland. Klagen må sendast til Etne kommune

023/26 Gnr. 095 bnr. 002, 006 og 009 - Konsesjon og buplikt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet gir konsesjon til Geir Ove Eikemo utan buplikt for landbrukseigedomen gnr. 95 bnr. 2, 6 og 9 som omsøkt.

Det som talar for å gi konsesjon utan vilkår om buplikt er at gnr. 95 bnr. 2, 6 og 9 ligg på nordsida av Åkrafjorden. For å m.a. kome til skule, butikk og lege m.m. må ein ut i båt. Om vintrane frys ofte fjorden til og da blir folket som bur der innestengt. For å kunne bu fast på Eikemo må ein vere heilt sjølvhjelpst og helst ha eget helikopter. Om kommunen pålegg nokon å bu der må kommunen vere innstilt på å gi nødhjelp når fjorden frys til. Det er ikkje god nok infrastruktur og kommunikasjon. Det er t.d. ikkje organisert henting av slam. Fastbuande må ha ei kloakkløysing.

Vedtaket er heimla i §§ 2 og 9 i konsesjonslova.

Det er klagerett på vedtaket. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statforvaltaren i Vestland.

Krav på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt.

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

Forslag - Nytt justert framlegg til vedtak frå kommunedirektøren, foreslått av ,

Framlegg til vedtak, sak 023/26:

Hovudutvalet gir konsesjon til Geir Ove Eikemo utan buplikt for landbrukseigedomen gnr. 95 bnr. 2, 6 og 9 som omsøkt.

Det som talar for å gi konsesjon utan vilkår om buplikt er at gnr. 95 bnr. 2, 6 og 9 ligg på nordsida av Åkrafjorden, utan vegtilkomst og/eller kollektivtilbod.

Vedtaket er heimla i §§ 2 og 9 i konsesjonslova.

Det er klagerett på vedtaket. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statforvaltaren i Vestland.

Krav på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt.

HOV - 023/26 Vedtak
Samrøystes

Hovudutvalet gir konsesjon til Geir Ove Eikemo utan buplikt for landbrukseigedomen gnr. 95 bnr. 2, 6 og 9 som omsøkt.

Det som talar for å gi konsesjon utan vilkår om buplikt er at gnr. 95 bnr. 2, 6 og 9 ligg på nordsida av Åkrafjorden, utan vegtilkomst og/eller kollektivtilbod.

Vedtaket er heimla i §§ 2 og 9 i konsesjonslova.

Det er klagerett på vedtaket. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statforvaltaren i Vestland.

Krav på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt.

024/26 Gnr. 51 bnr. 1, gnr. 52 bnr. 4, gnr. 120 bnr. 1 - Søknad om konsesjon for overtaking av landbrukseigedom

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet vedtar med heimel i konsesjonslova 28.11.2003 at Ådne Haugen får konsesjon for overtaking av landbrukseigedomen gnr. 51 bnr.1, gnr.52 bnr. 4 og gnr. 120 bnr. 1 under vilkår av at han flyttar dit innan 1 år og bur der i minimum 5 år i samanheng.

Kjøpesummen er 7.900.000 kroner.

Vedtaket med vilkår kan klagast på i henhald til konsesjonslova. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt til konsesjonssøklar.

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

Trude Enge (Frp) bad om å få vurdert habiliteten sin.

Røysting habilitet Trude Enge (Frp)

Samrøystes inhabil.

HOV - 024/26 Vedtak

Samrøystes

Hovudutvalet vedtar med heimel i konsesjonslova 28.11.2003 at Ådne Haugen får konsesjon for overtaking av landbrukseigedomen gnr. 51 bnr.1, gnr.52 bnr. 4 og gnr. 120 bnr. 1 under vilkår av at han flyttar dit innan 1 år og bur der i minimum 5 år i samanheng.

Kjøpesummen er 7.900.000 kroner.

Vedtaket med vilkår kan klagast på i henhald til konsesjonslova. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt til konsesjonssøkjjar.

025/26 Oppdatering av retningslinjer for kommunale heidersprisar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kriterium og retningslinjer for Kultur- og frivilligprisen og ny(e) heiderpris(ar) skal oppdaterast med bakgrunn i følgjande valde alternativ:

A) Kriterium for tildeling

Alternativ 1:

Omgjera Kultur og frivilligprisen til ein rein frivilligpris, og heidra alle andre kultur- og idrettsprestasjonar med den(dei) ny(e) heiderspris(ane) . Prisane vil då bli meir sidestilte.

B) Prisbeløp og antal prisvinnarar

Alternativ 1:

Frivilligprisen skal vera på kr 10 000. Heiderspris(ane) skal vera på inntil kr 10 000 vurdert ut frå prestasjon, representativitet og budsjett.

Det kan delast ut éin KF-pris og inntil fire heidersprisar årleg innfor budsjett.

C) Ramme for utdelinga av prisane

Alternativ 3:

Etne kommune arrangerer eit øpe gratisarrangement for å heidra pris- og stipendmottakarar, eigne tilsette, eventuelt dela ut tilskot frå Fond kraftkontrakten m.m. innafor ei kostnadsramme på ca kr 80 000 (personellressurs, annonsering, leige av lokale, lyd/lys, underhaldningsinnslag, servering m.m.)

D) Frist for å foreslå kandidatar

Alternativ 2:

Fristen skal vera 31. oktober for alle prisane/stipenda.

E) Vedtaks-organ

Alternativ 3:

Hovudutvalet skal vedta skal vedta både KF-prisen, ny(e) heiderspris(ar) og stipend.

Administrasjonen utarbeider endelege statuttar for dei to prisklassane ut frå avklaringane over. Desse blir lagde fram for politikarane til orientering før årets utlysing. Kostnadane i samband med sjølve utdelinga, skal innarbeidast i budsjettet for 2027.

Vedtak som innstilling frå Eldreråd, 01.06.2026 - 013/26

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Eldrerådet tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 01.06.2026 - 017/26

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsråd, 01.06.2026 - 012/26

Uttale frå Ungdomsrådet:

Samrøystes

Ungdomsrådet stiller seg positive til endringane og seier seg samd i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

01.06.2026 Eldreråd

Behandling

ER - 013/26 Vedtak

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Eldrerådet tek saka til vitande.

01.06.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 017/26 Vedtak
Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Samrøystes

Rådet tek saka til vitande.

01.06.2026 Ungdomsråd

Behandling

UNG - 012/26 Vedtak
Uttale frå Ungdomsrådet:
Samrøystes

Ungdomsrådet stiller seg positive til endringane og seier seg samd i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

Endringsforslag - Endring punkt C og D frå Ap, foreslått av Hilde Hellenes, Arbeiderpartiet

Punkt C blir endra til alternativ 1

Punkt D blir endra til alternativ 1

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster (Sp, H, Uavh)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endringar frå Ap fekk 3 røyster (Ap, Frp)

HOV - 025/26 Vedtak
Tilråding frå Hovudutvalet
4 mot 3 røyster

Kriterium og retningslinjer for Kultur- og frivilligprisen og ny(e) heiderpris(ar) skal oppdaterast med bakgrunn i følgjande valde alternativ:

A) Kriterium for tildeling

Alternativ 1:

Omgjera Kultur og frivilligprisen til ein rein frivilligpris, og heidra alle andre kultur- og idrettsprestasjonar med den(dei) ny(e) heiderspris(ane) . Prisane vil då bli meir sidestilte.

B) Prisbeløp og antal prisvinnarar

Alternativ 1:

Frivilligprisen skal vera på kr 10 000. Heiderspris(ane) skal vera på inntil kr 10 000 vurdert ut frå prestasjon, representativitet og budsjett.

Det kan delast ut éin KF-pris og inntil fire heidersprisar årleg innfor budsjett.

C) Ramme for utdelinga av prisane

Alternativ 3:

Etne kommune arrangerer eit ope gratisarrangement for å heidra pris- og stipendmottakarar, eigne tilsette, eventuelt dela ut tilskot frå Fond kraftkontrakten m.m. innafor ei kostnadsramme på ca kr 80 000 (personellressurs, annonsering, leige av lokale, lyd/lys, underhaldningsinnslag, servering m.m.)

D) Frist for å foreslå kandidatar

Alternativ 2:

Fristen skal vera 31. oktober for alle prisane/stipenda.

E) Vedtaks-organ

Alternativ 3:

Hovudutvalet skal vedta skal vedta både KF-prisen, ny(e) heiderspris(ar) og stipend.

Administrasjonen utarbeider endelege statuttar for dei to prisklassane ut frå avklaringane over. Desse blir lagde fram for politikarane til orientering før årets utlysing. Kostnadane i samband med sjølve utdelinga, skal innarbeidast i budsjettet for 2027.

026/26 Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Etablering av sherpatrappar - Langfoss

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet vedtar å gi dispensasjon frå arealformålet LNFR og byggegrense mot vassdrag i kommuneplanen for etablering av steintrappar (sherpatrappar) på delar av Langfosstien på gnr. 105 bnr. 1, med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Dispensasjonen vert gitt med bakgrunn i at omsyna bak arealformålet og byggegrense mot vassdrag ikkje vert vurdert å bli vesentleg tilsidesette, og at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med innsendt søknad og tilhøyrande dokumentasjon. Arbeidet skal utførast med avgrensa terrenginngrep og tilpassast landskap og eksisterande terreng.

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Tiltaket skal avgrensast til dei omsøkte strekningane langs eksisterande tursti.
- Det skal ikkje gjennomførast unødige terrenginngrep eller tilretteleggingstiltak som endrar området sin karakter eller naturverdiar.
- Eventuelle stein- og utfyllingsmassar som vert tilført området skal vere reine massar i tråd med normverdiane i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg I.
- Massar som vert tilført området skal ikkje innehalde framande skadelege organismar, jf. forskrift om framande organismar § 24 fjerde ledd.
- Eventuell massehandtering skal gjennomførast på ein måte som tek omsyn til naturmiljø, landskap og verna vassdrag.

Eventuell innflyging av steinmassar med helikopter må avklarast særskilt etter motorferdsellova og anna relevant regelverk.

Behandling

HOV - 026/26 Vedtak

Samrøystes

Hovudutvalet vedtar å gi dispensasjon frå arealformålet LNFR og byggegrense mot vassdrag i kommuneplanen for etablering av steintrapper (shepatrapper) på delar av Langfosstien på gnr. 105 bnr. 1, med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Dispensasjonen vert gitt med bakgrunn i at omsyna bak arealformålet og byggegrense mot vassdrag ikkje vert vurdert å bli vesentleg tilsidesette, og at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med innsendt søknad og tilhøyrande dokumentasjon. Arbeidet skal utførast med avgrensa terrenginngrep og tilpassast landskap og eksisterande terreng.

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Tiltaket skal avgrensast til dei omsøkte strekningane langs eksisterande tursti.
- Det skal ikkje gjennomførast unødige terrenginngrep eller tilretteleggingstiltak som endrar området sin karakter eller naturverdiar.
- Eventuelle stein- og utfyllingsmassar som vert tilført området skal vere reine massar i tråd med normverdiane i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg I.
- Massar som vert tilført området skal ikkje innehalde framande skadelege organismar, jf. forskrift om framande organismar § 24 fjerde ledd.
- Eventuell massehandtering skal gjennomførast på ein måte som tek omsyn til naturmiljø, landskap og verna vassdrag.

Eventuell innflyging av steinmassar med helikopter må avklarast særskilt etter motorferdsellova og anna relevant regelverk.

027/26 Søknad om utvida skjenkeareal - Etne Saloon Festival 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Old River Saloon AS får løyve til skjenking av øl og vin i perioden 26. og 27. juni 2026 på omsøkt skjenkeareal under Etne Saloon festival.

Løyvehavar / org. nummer: Old River Saloon AS / 824330522

Adresse: Stadionvegen 35, 5590 Etne

Godkjent styrar: Jannicke Johnsen, f. 051166

Godkjent avløyssar for styrar: Rune Kringlebotten, f. 021261

Alkoholvare: Gruppe 1 og 2 – frå 2,5 til 22 % alkohol

Type løyve: Utvida skjenkeareal

Skjenketid inne/ute: Fredag, 16.00 - 01.30, Laurdag, 12.00 - 01.30

Skjenkeareal: Grusområdet ved sida av Old River Saloon som vist på skisse.

Gebyr: Skal betalast i samsvar med punkt 6.2 i alkoholpolitiske retningslinjer.

Dato for løyve: 26. og 27.juni 2026

Løyvehavar skal melda frå til kommunen om endringar i driftsform eller endring av til styrar eller avløyssar, då slike endringar kan føra til at løyvet må vurderast på nytt.

Løyvehavar skal ha eit system for internkontroll.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Det er ein føresetnad at skjenkinga går føre seg i samsvar med gjeldande regelverk og på ein slik måte at alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivaretekne.

- Alkohollova
- Alkoholforskrifta

Brot på regelverket kan føra til sanksjonar.

Vilkår:

Det vert sett som vilkår at beredskapsplan og plan for internkontroll for arrangementet er godkjent av politiet og brann og redning.

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 027/26 Vedtak

Samrøystes

Old River Saloon AS får løyve til skjenking av øl og vin i perioden 26. og 27. juni 2026 på omsøkt skjenkeareal under Etne Saloon festival.

Løyvehavar / org. nummer: Old River Saloon AS / 824330522

Adresse: Stadionvegen 35, 5590 Etne

Godkjent styrar: Jannicke Johnsen, f. 051166

Godkjent avløyssar for styrar: Rune Kringlebotten, f. 021261

Alkoholvar: Gruppe 1 og 2 – frå 2,5 til 22 % alkohol

Type løyve: Utvida skjenkeareal

Skjenketid inne/ute: Fredag, 16.00 - 01.30, Laurdag, 12.00 - 01.30

Skjenkeareal: Grusområdet ved sida av Old River Saloon som vist på skisse.

Gebyr: Skal betalast i samsvar med punkt 6.2 i alkoholpolitiske retningslinjer.

Dato for løyve: 26. og 27.juni 2026

Løyvehavar skal melda frå til kommunen om endringar i driftsform eller endring av til styrar eller avløyssar, då slike endringar kan føra til at løyvet må vurderast på nytt.

Løyvehavar skal ha eit system for internkontroll.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Det er ein føresetnad at skjenkinga går føre seg i samsvar med gjeldande regelverk og på ein slik måte at alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivaretekne.

- Alkohollova

- Alkoholforskrifta

Brot på regelverket kan føra til sanksjonar.

Vilkår:

Det vert sett som vilkår at beredskapsplan og plan for internkontroll for arrangementet er godkjent av politiet og brann og redning.

028/26 Utvida skjenketid under VM i fotball 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommune gjev følgjande løyve til utvida skjenketid til Fugl Fønix hotel AS:

1. Mellombels utvida skjenketid for øl, sider og vin ved Fugl Fønix Hotel (Fugl Fønix Etne AS, org.nr. 989 144 944) i perioden 11. juni – 19. juli 2026.
2. Skjenkeslutt seinast 30 minutt etter kampslutt, og uansett seinast kl. 06:00 norsk tid.
3. Ordninga gjeld berre kampdagar med kampar som startar etter kl. 21:00 norsk tid.
4. Ordninga gjeld hotellet sitt ordinære skjenkeareal slik det er definert i dagens løyve – inga utviding av areal.

I pkt. 3 (innandørs) i alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028, vert skjenketida for gruppe 1 og gruppe 2, midlertidig endra i tråd med lovendring frå Helse og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026,

I Pkt. 3 (utandørs) vert skjenketida som før, til 01.30.

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

Arild stenberg (H) bad om å få vurdert habiliten sin.

Røysting habilitet Arild Stenberg (H)

Samrøystes inhabil.

HOV - 028/26 Vedtak

Samrøystes

Etne kommune gjev følgjande løyve til utvida skjenketid til Fugl Fønix hotel AS:

1. Mellombels utvida skjenketid for øl, sider og vin ved Fugl Fønix Hotel (Fugl Fønix Etne AS, org.nr. 989 144 944) i perioden 11. juni – 19. juli 2026.
2. Skjenkeslutt seinast 30 minutt etter kampslutt, og uansett seinast kl. 06:00 norsk tid.
3. Ordninga gjeld berre kampdagar med kampar som startar etter kl. 21:00 norsk tid.
4. Ordninga gjeld hotellet sitt ordinære skjenkeareal slik det er definert i dagens løyve – inga utviding av areal.

I pkt. 3 (innandørs) i alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028, vert skjenketida for gruppe 1 og gruppe 2, midlertidig endra i tråd med lovendring frå Helse og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026,

I Pkt. 3 (utandørs) vert skjenketida som før, til 01.30.

029/26 Gnr. 047 bnr. 010 - Konsesjon ved overtaking av landbrukseigedom

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet gir med heimel i konsesjonslova av 28.11.2003 konsesjon under vilkår til Chris André Korsnes Nielsen og Aina Hardeland for overtaking av gnr.47 bnr. 10 i Etne kommune.

Vilkår for konsesjon er at Chris André Korsnes Nielsen og Aina Hardeland flytter til eigedomen innan 1 år og bur der i samanheng i minimum 5 år.

Kjøpesummen er 4 750 000 kroner.

Vedtaket med vilkår kan påklagast i henhald til forvaltningslova og konsesjonslova. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr vil bli ettersendt.

03.06.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 029/26 Vedtak

Samrøystes

Hovudutvalet gir med heimel i konsesjonslova av 28.11.2003 konsesjon under vilkår til Chris André Korsnes Nielsen og Aina Hardeland for overtaking av gnr.47 bnr. 10 i Etne kommune.

Vilkår for konsesjon er at Chris André Korsnes Nielsen og Aina Hardeland flytter til eigedomen innan 1 år og bur der i samanheng i minimum 5 år.

Kjøpesummen er 4 750 000 kroner.

Vedtaket med vilkår kan påklagast i henhold til forvaltningslova og konsesjonslova. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 4000 kroner i sakshandsamingsgebyr vil bli ettersendt.

030/26 Søknad om utvida skjenkeareal - House of blues/Skånevik Bluesfestival

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Skånevik Bluesfestival v/Alf Warloe Christophersen får løyve til skjenking av øl og vin i perioden 02. - 04. juli 2026

Løyvehavar / org. nummer: Skånevik Bluesfestival/House of blues/991 458 395

Adresse: Verven 19, 5593 Skånevik

Godkjent styrar: Finn Ove Solberg, f. 13.07.64

Godkjent avløyssar for styrar: Alf Warloe Christophersen, f. 08.11.51

Alkoholvare: Gruppe 1 og 2 – frå 2,5 til 22 % alkohol

Type løyve: Utvida skjenkelareal

Skjenketid inne/ute: kl. 13:00 – 01:30

Skjenkeareal: Område på lekter v/kaia til House of Blues eller med inngjerda alternativ som vist på skisse

Gebyr: Skal betalast i samsvar med punkt 6.2 i alkoholpolitiske retningslinjer.

Dato for løyve: 2. juli, 3. juli og 4. juli 2026

Løyvehavar skal melda frå til kommunen om endringar i driftsform eller endring av til styrar eller avløyssar, då slike endringar kan føra til at løyvet må vurderast på nytt.

Løyvehavar skal ha eit system for internkontroll.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Det er ein føresetnad at skjenkinga går føre seg i samsvar med gjeldande regelverk og på ein slik måte at alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivaretekne.

- Alkohollova
- Alkoholforskrifta

Brot på regelverket kan føra til sanksjonar.

Vilkår:

Det vert sett som vilkår at beredskapsplan og plan for internkontroll for arrangementet er godkjent av politiet og brann- og redning.

03.06.2026 Hovudutval**Behandling****HOV - 030/26 Vedtak****Samrøystes**

Skånevik Bluesfestival v/Alf Warloe Christophersen får løyve til skjenking av øl og vin i perioden 02. - 04. juli 2026

Løyvehavar / org. nummer: Skånevik Bluesfestival/House of blues/991 458 395

Adresse: Verven 19, 5593 Skånevik

Godkjent styrar: Finn Ove Solberg, f. 13.07.64

Godkjent avløyssar for styrar: Alf Warloe Christophersen, f. 08.11.51

Alkoholvare: Gruppe 1 og 2 – frå 2,5 til 22 % alkohol

Type løyve: Utvida skjenkelareal

Skjenketid inne/ute: kl. 13:00 – 01:30

Skjenkeareal: Område på lekter v/kaien til House of Blues eller med inngjerda alternativ som vist på skisse

Gebyr: Skal betalast i samsvar med punkt 6.2 i alkoholpolitiske retningslinjer.

Dato for løyve: 2. juli, 3. juli og 4. juli 2026

Løyvehavar skal melda frå til kommunen om endringar i driftsform eller endring av til styrar eller avløyssar, då slike endringar kan føra til at løyvet må vurderast på nytt.

Løyvehavar skal ha eit system for internkontroll.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Det er ein føresetnad at skjenkinga går føre seg i samsvar med gjeldande regelverk og på ein slik måte at alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivaretekne.

- Alkohollova
- Alkoholforskrifta

Brot på regelverket kan føra til sanksjonar.

Vilkår:

Det vert sett som vilkår at beredskapsplan og plan for internkontroll for arrangementet er godkjent av politiet og brann- og redning.